



HARAM
KOMMUNE

Vedtekter for kulturprisen i Haram

Vedtak i Haram kommunestyre 21.03.2024, k.sak 027/24

1. Føremålet med prisen er å hjelpe og fremje kulturarbeidet i Haram kommune.
2. Kulturutvalet i Haram deler ut prisen. Prisen vert sett til kr 15 000 pr år, men kan endrast av kommunestyret under budsjettbehandlinga.
3. Kulturprisen kan tildelast einskildpersonar eller grupper, til lag og organisasjonar som høyrer heime i kommunen, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.
4. Kulturprisen kan ikkje tildelast offentlege institusjonar eller til landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar, heller ikkje til personar som er tilsette av det offentlege for å drive kulturarbeid eller kulturvern.
5. Kulturutvalet syter for å gjere prisen kjend, og set fristen for innsending av framlegg til kandidatar. Med minst 2 - to - månaders varsel skal kulturutvalet kunngjere fristen i pressa. Framlegg på kandidatar til kulturprisen kan fremjast av einskildpersonar, lag og foreiningar, og skal vere skriftlege, med grunngjeving av framleggget. Kulturutvalet kan vurdere andre kandidatar enn dei det er kome framlegg om.
6. Kulturutvalet gjer vedtak om prisen skal utdelast, kven som skal få prisen. Den som får prisen, vert også tildelt eit synleg prov på prisen i form av ein diplom. Det skal ikkje knytast særlege vilkår til korleis mottakaren nyttar prisen. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.
7. Det skal ikkje offentleggjerast kven som er kandidat eller kva utfall avrøystinga mellom kandidatane fekk. Kulturutvalet skal grunngi vedtaket dei gjer.
8. Kulturprisen vert utdelt på siste møtet i kommunestyret før jul.